# DOBBELSTRIKKING





For å strikke dobblestrikk må du ha 2 trådar – 2  fargar, for å få fram mønster.

## STRIKKEMETODEN:

- Rett maske i framlaget og vrang maske i baklaget:
  - 1 rett med den eine tråden som høyrer til framlaget.
    - Strikk alltid første maske i framlaget – også når fargane skifter plass.  Det skal alltid strikkast 1 rett og 1 vrang.
  - 1 vrang med den andre tråden *under tråden til overlaget*.
    - Pass på at baklagmasken alltid blir strikka bak tråden til framlaget.
- Ha alltid den same tråden inst på fingeren. (Baklagtråden, som blir brukt til mønster ved mønsterstikking inst, og botnfargen i framlaget ytst.)

Ved å strikke slik, 1 rett og 1 vrang, blir det to fråskilde lag.

Ved strikking av mønster, ein blom eller anna ornament, må tråden som er brukt i framlaget byte plass med den i baklaget.




Hald fram med å strikke rett maske i framlaget først, og så den vrange i baklaget.




Solveig Orstad Teigen
www.strikketeigen.com